

Kvartalsrapport

2. kvartal 2026



Innholdsfortegnelse

Nykeltal	3
Samandrag og utsikter – 2. kvartal 2026	4
Finansiell utvikling.....	5
Driftsinntekter	5
Driftskostnader	5
Resultat	5
Tap på utlån	5
Rådveldekapital og forretningskapital.....	5
Innskot frå kundar	6
Utlån til kundar.....	6
Aksjar og renteberande verdipapir.....	6
Eigenkapital og kapitaldekning.....	6
Likviditet	7
Misleghald.....	7
Resultatrekneskap	9
Balanse.....	10
Eigenkapitaloppstilling.....	12
Notar	13
Note 1. Generell informasjon.....	13
Note 2. Rekneskapsprinsipp.....	14
Note 3. Utlån fordelt på sektor og næring.....	15
Note 4. Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring	16
Note 5. Kredittsvekka engasjement	17
Note 6. Nedskrivning på utlån, garantiar, unytta kredittar og lånetilsagn.....	18
Note 7. Kapitaldekning.....	21
Note 8. Verdsetjingshierarki finansielle instrument til verkeleg verdi	22
Note 9. Verdipapirgjeld	23
Note 10. IFRS leigevttalar	24

Nykeltal

2. kvartal 2026 (morbank)

56,9 mill.

Per utgangen av kvartalet har banken eit driftsresultat før tap og skatt på kr 56,9 mill.

65,5 mill.

Totalresultatet kr 65,5 mill. Resultat etter tap og skatt er kr 40,3 mill.

1 291 mill.

Banken sitt egenkapitalfond er på kr 1 291 mill. Av dette utgjør teljande egenkapital kr 1 218 mill.

36,3 %

Rein kjernekapitaldekning på 36,3 %.

5 630 mill.

Banken har innskot frå kundane sine på kr 5 630 mill. Dette er fordelt med 22,1 % til bedrifter og 77,9 % til privatkunder.

6 089 mill.

Banken har lånt ut kr 6 089 mill. til kundane sine, inkl. kr 244 mill. som er overført til Verd Boligkreditt AS. Utlåna er fordelt med 24,4 % bedrifter og 75,6 % til privatkunder.

5,9 %

Innskotsveksten siste 12 månadane er på 5,9 %. Av dette ein auke frå bedrifter på 5,7 % og ein auke på 5,9 % frå privatkunder.

7,9 %

Det er ein auke i utlån siste 12 månadane på 7,9 %. Av dette 3,3 % til bedrifter og 9,4 % til privatkunder. Veksten er inkl. endringar i lån overførde til Verd Boligkreditt.

7 309 mill.

Banken sin rådveldekapital var ved kvartalet er kr 7 309 mill. I tillegg til innskot frå kunder og egenkapital, har banken finansiert kr 300 mill. i pengemarknaden.

41,0 %

Kostnadsprosenten per utgangen av kvartalet var 41,0 %.

Samandrag og utsikter – 2. kvartal 2026

Voss Sparebank leverer eit rimeleg godt resultat for 2. kvartal 2026. Banken oppnådde eit driftsresultat på kr 56,9 mill., med eit resultat etter tap og skatt på kr 40,3 mill. Totalresultatet enda på kr 65,5 mill. For totalresultatet utgjer verdiendring på anleggsaksjar kr 25,9 mill.

Til samanlikning var driftsresultatet for same periode i fjor kr 56,6 mill., medan resultat etter tap og skatt var kr 42,1 mill. Totalresultatet var då kr 58,3 mill.

Samla driftsinntekter utgjorde kr 96,9 mill., noko lågare enn same periode i fjor der driftsinntektene var kr 97,3 mill. Nedgangen skuldast hovudsakleg lågare rentenetto, delvis motverka av auka andre driftsinntekter.

Driftskostnadane utgjorde kr 40,0 mill., tilsvarande ein reduksjon på kr 0,7 mill. kroner ved utgangen av same kvartal i fjor. Kostnadsprosenten per utgangen av 2. kvartal 2026 er 41,0 prosent.

Tap på utlån er framleis låge. Per utgangen av 2. kvartal 2026 var det kostnadsført tap på 3,8 mill. kroner.

Banken ser god utvikling i både innskots- og utlånsmarknaden. Siste 12 månader er samla innskots- og utlånsvekst høvesvis 5,9 % og 7,9 %. Utlånsveksten mot privatmarknaden siste 12 månader er 9,4 %.

Banken ventar framleis god aktivitet i privatmarknaden og eit stabilt kredittrisikobilete. Arbeidet med lønsam vekst, kostnadskontroll og vidareutvikling av verksemda vil halde fram til beste for kundar og lokalsamfunn. Samstundes er det forventa ei viss svekking av lønsemda som følgje av vedvarande marginpress og kostnadsvekst. Banken har god soliditet og likviditet, motiverte tilsette som gjer ein viktig innsats for banken og fellesskapet. Som lokal sparebank arbeider Voss Sparebank kontinuerleg for å levera gode kundeopplevingar, med mål om å vera det naturlege fyrstevalet for bank- og finansieringstenester på Voss og i bygdene rundt.

Finansiell utvikling

Driftsinntekter

Samla driftsinntekter ved utgangen av kvartalet var kr 96,9 mill., samanlikna med kr 97,3 mill. i same periode i fjor.

Rentenettoen i kvartalet var kr 84,5 mill., ein reduksjon frå kr 85,1 mill. i fjor. I høve middelverdien av banken sin rådveldekapital (MVR) utgjorde dette 2,4 % mot 2,5 % i fjor. Renteinntektene på utlån, sett i høve middelverdien av brutto utlån, utgjorde 5,3 % så langt i år, mot 5,8 % i fjor. Rentekostnadane på innskot utgjorde 2,4 %, mot 2,8 % i fjor.

Andre driftsinntekter var kr 12,4 mill., ein auke på kr 0,3 mill. samanlikna med same periode i fjor.

Driftskostnadar

Driftskostnadane ved utgangen av kvartalet var kr 40,0 mill., ein reduksjon frå kr 40,7 mill. ved utgangen av same kvartal i fjor. Dette svarar til ein kostnadsreduksjon på -1,6 %. I driftskostnadane ligg det òg kr 2,4 mill. i finans- og formueskatt.

Resultat

Per utgangen av kvartalet leverte Voss Sparebank eit driftsresultat før tap og skatt på kr 56,9 mill., ein auke frå kr 56,6 mill. i same periode i fjor. For inneverande år utgjorde dette 1,6 % i høve middelverdi av banken sin rådveldekapital (MVR), mot 1,7 % i fjor.

Etter tap og skatt var resultatet kr 40,3 mill. (1,1 % av MVR), mot kr 42,1 mill. i fjor (1,3 % av MVR).

Totalresultatet enda på kr 65,5 mill., opp frå kr 58,3 mill. ved utgangen av same kvartal i fjor. Auken i totalresultatet kjem i hovudsak av verdiendringar på anleggsaksjar.

Tap på utlån

Tap på utlån er framleis låge. I 2. kvartal 2026 vart det kostnadsført kr 3,8 mill., ein auke på kr 2,1 mill. samanlikna med fjoråret. Sjå note 5 og 6 vedkomande tap og nedskrivingar på utlån og misleghaldne lån.

Rådveldekapital og forretningskapital

Rådveldekapitalen per utgangen av kvartalet var kr 7 309 mill., ein auke frå same periode i fjor på kr 397 mill. (5,7 %). Med tillegg av kr 244 mill. overført til bustadkredittføretaket, utgjør forretningskapitalen på kr 7 553 mill. På same tidspunkt i fjor var forretningskapitalen kr 7 204 mill.

Innskot frå kundar

Innskot frå kundar per utgangen av kvartalet var kr 5 630 mill., ein auke siste året på kr 312 mill., tilsvarande 5,9 %. Innskotsveksten mot privatkundar er 5,9 %, medan innskotsveksten mot bedriftsmarknaden er 5,7 %.

Utlån til kundar

Brutto utlån til kundar per utgangen av kvartalet var kr 6 089 mill. Dette inkluderer kr 244 mil. lån som er overført til bustadkredittføretaket. Utlånsveksten siste året har vore kr 444 mill., tilsvarande 7,9 %.

Mot privatkundar har utlånsveksten siste året vore 9,4 %, medan veksten mot bedriftsmarknaden har vore 3,3 %. Ved utgangen av kvartalet var innskotsdekninga (innskot frå kundar i % av brutto balanseførde utlån) 96,3 %. Medrekna lån som er overført til bustadkredittføretaket, var innskotsdekninga 92,5 %.

Summen av innskot og eigenkapital utgjorde 119,1 % av brutto balanseførde utlån. Samla nedskrivingar var 0,72 % av brutto balanseførde utlån, mot 0,67 % i fjor.

Aksjar og renteberande verdipapir

Ved utgangen av kvartalet var behaldninga av obligasjonar og sertifikat kr 688 mill., auka frå kr 539 mill. på same tidspunkt i fjor. Behaldninga består i hovudsak av verdipapir med kort restløpetid.

I tillegg har banken ei aksjebeholdning på kr 411 mill., mot kr 314 mill. ved utgangen av same kvartal i fjor.

Eigenkapital og kapitaldekning

Den teljande eigenkapitalen i banken per utgangen av kvartalet var kr 1 218 mill. Kapitaldekninga var 36,3 %. All kapital er rein kjernekapital. Målt mot uvekta balanse var kapitaldekninga 16,6 %.

Til samanlikning var den teljande eigenkapitalen på same tidspunkt i fjor kr 1 019 mill., medan kapitaldekninga då var 36,5 % og 15,0 % målt mot uvekta balanse.

Kapitaldekninga vert utrekna i samsvar med Finanstilsynet sine forskrifter. Frå og med 2. kvartal 2025 er kapitaldekninga rapportert etter regelverket i CRR3, medan tidlegare periodar er baserte på CRR2.

Banken har fram til og med 4. kvartal 2025 praktisert å trekkje frå eigardelar i selskap som blir konsoliderte, frå rein kjernekapital i morbanken. Frå og med 1. kvartal 2026 er dette prinsippet endra, slik at banken nyttar unntaksregelen i CRR artikkel 49 nr. 2, der slike eigardelar ikkje blir trekte frå kapitalgrunnlaget. Endringa har medført ein auke i rapportert kapitaldekning. Tilsvarande frådrag har heller ikkje tidlegare vore gjort i konsernrekneskapen, noko som forklarar at effekten av endringa er den same for både morbank og konsern.

Endringar i kapitaldekninga frå 2025 til 2026 må difor sjåast i lys av desse regelverksendringane. Sjå note 7.

Likviditet

Likviditetssituasjonen til banken er god. Summen av kontantbeholdning, innskot i Norges Bank og saldo i oppgjørsbank var kr 320 mill. per utgangen av kvartalet. Vidare utgjorde beholdninga av renteberande verdipapir kr 688 mill.

Banken har om lag kr 1 233 mill. i kundeinnskot ut over Bankenes Sikringsfond si grense på kr 2 mill. per innskytar. Innskot frå dei 10 største kundane utgjer om lag kr 256 mill.

Likviditetsdekningsgraden (LCR) per utgangen av kvartalet var 290 %. Minstekravet frå styresmaktene er 100 %. Banken hadde per same tidspunkt kr 300 mill. i innlån frå pengemarknaden, fordelt med 3 lån à 100 mill. Sjå note 9 for informasjon om desse innlåna.

Mislegghald

Mislegghaldsnoten (note 5) syner engasjement med individuelle avsetjingar for tap, mislegghaldne engasjement over 90 dagar, engasjement med betalingslette samt engasjement med vesentleg auke i kredittrisiko i samsvar med IFRS 9 (trinn 3).



Resultatrekneskap

RESULTATREKNESKAP		Morbank			Konsern		
<i>Tal i heile tusen kroner</i>	Notar	30.06.2026	30.06.2025	2025	30.06.2026	30.06.2025	2025
Renteinntekter							
Renteinntekter frå utlån til kreditt- og finansinstitusjonar		9 785	12 606	25 036	9 785	12 606	25 036
Renteinntekter frå utlån til kundar		149 584	153 773	308 564	149 584	153 773	304 419
Renteinntekter frå rentebærande verdipapir		13 633	12 664	25 022	13 633	12 664	25 022
Sum renteinntekter		173 002	179 043	358 622	173 002	179 043	354 477
Rentekostnader							
Rentekostnader på innskot frå kundar		78 831	83 864	166 189	78 831	83 864	165 979
Rentekostnader på utferda verdipapir		7 671	8 396	16 387	7 671	8 396	16 387
Andre rentekostnader	Note 10	1 973	1 636	3 322	1 973	1 636	2 462
Sum rentekostnader		88 475	93 896	185 898	88 475	93 896	184 828
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		84 526	85 147	172 724	84 526	85 147	169 649
Andre driftsinntekter							
Provisjonsinntekter frå banktenester		7 994	6 697	14 243	7 994	6 697	14 243
Provisjonskostnader knytt til banktenester		1 160	1 214	2 525	1 160	1 214	2 525
Utbytte og andre inntekter frå eigenkapitalinstrument		6 382	4 831	11 405	6 382	4 831	11 405
Inntekt av eigarinteresser i konsernselskap		0	0	254	0	0	0
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument		-796	1 835	2 651	-796	1 835	2 651
Andre driftsinntekter		0	0	0	0	0	1 743
Netto andre driftsinntekter		12 420	12 150	26 028	12 420	12 150	27 517
Sum driftsinntekter		96 946	97 297	198 752	96 946	97 297	197 166
Løn og andre personalkostnader		17 017	16 273	34 930	17 017	16 273	34 930
Andre driftskostnader	Note 10	21 186	22 657	43 701	21 186	22 584	44 926
Av- og nedskrivingar	Note 10	1 833	1 771	3 539	1 833	1 771	1 980
Sum driftskostnader		40 037	40 701	82 170	40 037	40 628	81 836
Resultat før tap		56 910	56 596	116 582	56 910	56 669	115 330
Kreditttap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir	Note 6	3 833	1 728	-101	3 833	1 728	-101
Driftsresultat før skatt		53 077	54 868	116 683	53 077	54 941	115 431
Årets skattekostnad		12 750	12 750	28 123	12 750	12 750	27 911
Resultat av ordinær drift etter skatt		40 327	42 118	88 560	40 327	42 191	87 520
Postar som ikkje blir omklassifisert til resultat:							
Verdiendring aksjar FVOCI		25 882	16 140	14 409	25 882	16 140	14 409
Sum OCI - ikkje omklassifisert		25 882	16 140	14 409	25 882	16 140	14 409
Postar som kan bli omklassifisert til resultat:							
Verdiendring utlån FVOCI		-930	22	1 221	-930	22	1 221
Skatt på OCI - omklassifiserbar		233	-5	-305	233	-5	-305
Sum OCI - omklassifiserbar		-698	16	916	-698	16	916
Utvida resultat (OCI)		25 185	16 156	15 325	25 185	16 156	15 325
Totalresultat		65 511	58 274	103 885	65 511	58 347	102 845

Balanse

Balanse		Morbank			Konsern		
<i>Tal i heile tusen kroner</i>	<i>Notar</i>	<i>30.06.2026</i>	<i>30.06.2025</i>	<i>2025</i>	<i>30.06.2026</i>	<i>30.06.2025</i>	<i>2025</i>
Eignelutar							
Kontantar og innskot i sentralbank		130 401	503 505	385 742	130 401	503 505	385 742
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar		189 699	182 710	211 696	189 699	182 710	211 696
Utlån til kundar FVOCI	Note 3,5,6	4 272 102	3 821 820	4 023 557	4 272 102	3 821 820	4 023 557
Utlån til kundar – amortisert kost	Note 3,5,6	1 531 609	1 491 755	1 511 192	1 471 609	1 431 245	1 451 192
Renteberande verdipapir	Note 8	687 846	539 273	507 898	687 846	539 273	507 898
Aksjar og andre eigenkapitalinstrument	Note 8	411 012	314 361	335 648	411 040	314 389	335 676
Investeringar i dotterselskap	Note 2	56 025	27 857	46 370	9 655	0	0
Investeringseigedom		0	0	0	39 720	33 853	39 720
Eigarnytta eigedom		15 940	19 482	17 711	37 911	38 752	39 682
Andre varige driftsmidlar	Note 10	8 421	7 754	8 398	8 421	7 754	8 398
Utsett skattefordel		0	170	0	0	446	0
Andre eignelutar		5 839	2 930	4 281	5 913	2 975	4 355
Sum eignelutar		7 308 892	6 911 617	7 052 493	7 264 315	6 876 722	7 007 916
Gjeld og egenkapital							
Innlån frå kredittinstitusjonar		1 140	1 190	647	1 140	1 190	647
Innskot frå kundar	Note 4	5 630 253	5 318 749	5 392 292	5 621 918	5 310 933	5 383 957
Verdipapirgjeld	Note 9	302 177	302 940	302 064	302 177	302 940	302 064
Anna gjeld	Note 10	33 716	41 981	55 466	-2 308	17 587	19 442
Pensjonsskuldnadar		0	0	0	0	0	0
Skuldig skatt	Note 6	10 169	18 518	28 075	13 749	18 518	31 655
Avsetjingar for garantiar og rammekredittar		416	341	440	416	341	440
Sum gjeld		5 977 872	5 683 718	5 778 984	5 937 093	5 651 509	5 738 205
Grunnfondskapital							
Sparebanken sitt fond		1 094 495	1 021 436	1 110 495	1 090 697	1 018 678	1 106 697
Gåvefond		28 000	20 000	20 000	28 000	20 000	20 000
Sum grunnfondskapital		1 122 495	1 041 436	1 130 495	1 118 697	1 038 678	1 126 697
Fond for verdiregulering		168 199	144 344	143 014	168 199	144 344	143 014
Ikkje disponert resultat		40 327	42 118	0	40 327	42 191	0
Sum eigenkapital	Note 7	1 331 020	1 227 897	1 273 509	1 327 222	1 225 213	1 269 711
Sum gjeld og eigenkapital		7 308 892	6 911 617	7 052 493	7 264 315	6 876 722	7 007 916

Styret i Voss Sparebank
13. august 2026



Trond Syversen
Styreleiar



Helene Stråtveit
Nestleiar



Gunn Irene Hommedal Kvitne
Styremedlem



Knut Olav Røssland Nestås
Styremedlem



Olav Bjørgum
Styremedlem



Liv Randi Øvsthus
Styremedlem, tilsett



Jørund Rong
Adm banksjef

Eigenkapitaloppstilling

2. kvartal 2026

Morbank	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2025	1 110 495	20 000	143 014	1 273 509
Resultat etter skatt	40 327	0	0	40 327
Andre inntekter og kostnader (OCI):				
Verdiending aksjar FVOCI	0	0	25 882	25 882
Verdiendring utlån FVOCI	0	0	-930	-930
Skatt på verdiendring utlån FVOCI	0	0	233	233
Totalresultat for perioden	40 327	0	25 185	65 511
Overføringer i perioden:				0
Avsetjing til gåvefond	-16 000	8 000	0	-8 000
Eigenkapital 30.06.2026	1 134 822	28 000	168 199	1 331 020
Konsern	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2025	1 106 697	20 000	143 014	1 269 711
Resultat etter skatt	40 327	0	0	40 327
Andre inntekter og kostnader (OCI):				
Verdiending aksjar FVOCI	0	0	25 882	25 882
Verdiendring utlån FVOCI	0	0	-930	-930
Skatt på verdiendring utlån FVOCI	0	0	233	233
Totalresultat for perioden	40 327	0	25 185	65 511
Overføringer i perioden:				0
Avsetjing til gåvefond	-16 000	8 000	0	-8 000
Eigenkapital 30.06.2026	1 131 024	28 000	168 199	1 327 222

2. kvartal 2025

Morbank	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2024	1 035 437	13 000	128 188	1 176 625
Resultat etter skatt	42 118	0	0	42 118
Andre inntekter og kostnader (OCI):				
Verdiending aksjar FVOCI	0	0	16 139	16 139
Verdiendring utlån FVOCI	0	0	22	22
Skatt på verdiendring utlån FVOCI	0	0	-5	-5
Totalresultat for perioden	42 118	0	16 155	58 273
Overføringer i perioden:				0
Avsetjing til gåvefond	-14 000	7 000	0	-7 000
Eigenkapital 30.06.2025	1 063 554	20 000	144 343	1 227 897
Konsern	Sparebanken sitt fond	Gåvefond	Fond for verdiregulering	Sum eigenkapital
Eigenkapital 31.12.2024	1 032 679	13 000	128 188	1 173 867
Resultat etter skatt	42 191	0	0	42 191
Andre inntekter og kostnader (OCI):				
Verdiending aksjar FVOCI	0	0	16 139	16 139
Verdiendring utlån FVOCI	0	0	22	22
Skatt på verdiendring utlån FVOCI	0	0	-5	-5
Totalresultat for perioden	42 191	0	16 155	58 346
Overføringer i perioden:				0
Avsetjing til gåvefond	-14 000	7 000	0	-7 000
Eigenkapital 30.06.2025	1 060 870	20 000	144 343	1 225 213

Notar

Note 1. Generell informasjon

Voss Sparebank er ein sjølvstendig sparebank lokalisert på Voss. Banken tilbyr banktenester og forsikringsprodukt for person- og bedriftsmarknaden. Banken har hovudkontor og besøksadresse Vangsgata 18 på Voss.

Nærstående partar

Voss Sparebank Eigedom AS, org.nr. 896 324 012

Voss Sparebank Eigedom AS er eigd 100 % av Voss Sparebank. Føremålet med selskapet er å eiga og drifta bankbygget i Vangsgata 18. Selskapet sine rekenskapstal vert konsolidert inn i banken sitt konsernrekneskap.

Voss Invest AS, org.nr. 945 665 343

Voss Invest AS er eigd 100 % av Voss Sparebank. Føremålet med selskapet er investeringar, eigarskap og sal av verdipapir og eigedom som ikkje naturleg høyrer inn i banken sin balanse. Selskapet sine rekenskapstal vert konsolidert inn i banken sitt konsernrekneskap.

Proaktiv Voss Eiendomsmegling AS, org.nr. 993 971 804

Selskapet er eigd 51 % av Voss Sparebank, og driv meklartenester på Voss. Selskapet er lokalisert i nabobygget til banken. Denne eigdommen er eigd av Kvitanosi AS.

AS Jernvangen, org.nr. 945 418 311

AS Jernvangen er eigd 100 % av banken sitt dotterselskap Voss Invest AS. Banken har også tidlegare år vore deleigar i selskapet gjennom Voss Invest AS, men overtok i desember 2021 dei resterande lutane i selskapet. Selskapet er eit eigedomsselskap som skal drifta og utvikla eigen næringseigedom sentralt på Vossevangen.

Hanguren AS, org.nr. 930 300 322

Hanguren AS er eigd 100% av Voss Invest AS Selskapet eig det gamle bankbygget i Odda, lokalisert i Røldalsvegen 25 i Odda sentrum. Føremålet med selskapet er investeringar, eigarskap og sal av verdipapir og eigedom som ikkje naturleg høyrer inn i banken sin balanse.

Kvitanosi AS, org.nr. 980 104 885

Kvitanosi AS, tidlegare Proaktiv Voss Eiendom AS, er eigd 100 % av Voss Invest AS. Selskapet eig eigdommen i Vangsgata 16 på Voss, der meklarføretaket Proaktiv Voss Eiendomsmegling AS er lokalisert. Voss Invest AS kjøpte selskapet i 1. kvartal 2026.

Note 2. Rekneskapsprinsipp

Grunnlag for utarbeiding av rekneskapen

Delårsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak kapittel 8 og IAS 34 Delårsrapportering. Delårsrekneskapen er ikkje ein fullstendig rekneskap, og må sjåast i samanheng med årsrekneskapen for 2025.

Rekneskapsprinsippa og metodevala nytta i delårsrekneskapen er dei same som i årsrekneskapen for 2025, med mindre anna er særskilt opplyst.

IFRS og rekneskapsstandardar

Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) fastsette av EU. Leigeavtalar vert rekneskapsførte etter IFRS 16.

I samsvar med forskrift om årsrekneskap for bankar, kredittføretak og finansieringsføretak, vert utbytte og konsernbidrag frå dotterselskap rekneskapsførte i samsvar med reglane i rekneskapslova.

Konsolidering – endringar i konsernstrukturen

I inneverande år har banken hatt fylgjande endringar i konsernstrukturen. Dette skjedde i 1. kvartal 2026:

Dotterselskapet Voss Invest AS kjøpte 100 % av aksjane i Kvitanosi AS (org.nr. 980 104 885). Voss Sparebank kjøpte i same periode 51 % av aksjane i Proaktiv Voss Eiendomsmegling AS (org.nr. 993 971 804). Både Kvitanosi AS og eigarandelen i Proaktiv Voss Eiendomsmegling AS vil bli konsolidert i konsernrekneskapen for fyrste gong i årsrekneskapen for inneverande år.

Prinsippa for konsolidering er elles uendra frå årsrekneskapen for 2025. Nærare omtale av kjøpa og relasjonar til nærståande partar går fram av note 1 og noten om nærståande partar.

Inntektsføring

Renteinntekter og rentekostnader vert resultatførte etter effektiv rentemetode. Gebyr og provisjonar vert resultatførte etter kvart som tenestene vert leverte. Gebyr knytte til etablering av utlån inngår i utrekninga av amortisert kost og vert inntektsførte over lånet si forventede løpetid.

Utbytte frå investeringar vert resultatført på tidspunktet generalforsamlinga vedtek utbyttet.

Finansielle instrument

Finansielle eignelutar og plikter vert klassifiserte og målte i samsvar med IFRS 9. Klassifiseringa er basert på banken sin forretningsmodell og dei kontraktfesta kontantstraumane.

Utlån til kunders vert hovudsakleg målt til amortisert kost. Utlån som kan overførast til bustadkredittføretak er klassifiserte til verkeleg verdi med verdiendring over utvida resultat. Likviditetsporteføljen er klassifisert til verkeleg verdi med verdiendring over resultatet.

Nedskriving av finansielle eignelutar

Tapsavsetjingar vert rekna etter modellen for forventa tap i IFRS 9. Banken nyttar ein modell som byggjer på interne data, framoverskuande makroøkonomiske scenario og parameterane sannsyn for misleghald (PD), tap gjeve misleghald (LGD) og eksponering ved misleghald (EAD). Prinsippa for nedskriving er uendra frå årsrekneskapen for 2025.

Skatt

Skattekostnaden omfattar betalbar skatt og endring i utsett skatt, berekna på mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar i samsvar med gjeldande skattereglar.

Hendingar etter balansedagen

Hendingar etter balansedagen som gjev informasjon om tilhøve som fanst på balansedagen, er tekne omsyn til i rekneskapen. Vesentlege hendingar etter balansedagen som gjeld nye tilhøve, vert opplyste dersom relevante.

Note 3. Utlån fordelt på sektor og næring

	Morbank			Konsern		
	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Landbruk	429 582	388 726	432 806	429 582	388 726	432 806
Industri og bergverk	44 744	44 696	38 983	44 744	44 696	38 983
Bygg og anlegg	89 049	107 910	87 570	89 049	107 910	87 570
Varehandel	87 724	88 234	83 798	87 724	88 234	83 798
Transport	17 412	19 207	21 753	17 412	19 207	21 753
Overnatting og servering	65 298	75 512	66 085	65 298	75 512	66 085
Omsetjing og drift av fast eigedom	557 171	564 459	570 500	497 171	503 949	510 500
Fagleg og finansiell tenesteyting	29 900	23 337	22 020	29 900	23 337	22 020
Forretningsmessig tenesteveiting	63 517	46 814	65 268	63 517	46 814	65 268
Anna tenesteyting	102 585	81 195	85 553	102 585	81 195	85 553
Sum næringskundar	1 486 982	1 440 090	1 474 336	1 426 982	1 379 580	1 414 336
Personkundar	4 358 863	3 913 689	4 097 498	4 358 863	3 913 689	4 097 498
Brutto utlån til kundar	5 845 845	5 353 779	5 571 834	5 785 845	5 293 269	5 511 834
Steg 1 nedskrivingar	8 695	5 807	9 031	8 695	5 807	9 031
Steg 2 nedskrivingar	4 091	9 279	4 256	4 091	9 279	4 256
Steg 3 nedskrivingar	31 763	27 265	27 144	31 763	27 265	27 144
Tilbakeført nedskriving for lån til verkeleg verdi trinn 1 (OCI)	-2 415	-2 147	-3 346	-2 415	-2 147	-3 346
Sum nedskrivingar	42 134	40 204	37 085	42 134	40 204	37 085
Netto utlån til kundar	5 803 711	5 313 575	5 534 749	5 743 711	5 253 065	5 474 749
Utlån formidla via Verd Boligkreditt AS	243 617	292 015	290 281	243 617	292 015	290 281
Samla utlån medrekna portefølje i bustadkredittføretak	6 047 328	5 605 590	5 825 030	5 987 328	5 545 080	5 765 030

Note 4. Innskot frå kundar fordelt på sektor og næring

	Morbank			Konsern		
	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Landbruk	227 642	214 241	190 086	227 642	214 241	190 086
Industri og bergverk	52 473	76 002	64 562	52 473	76 002	64 562
Bygg og anlegg	123 602	150 936	151 944	123 602	150 936	151 944
Varehandel	64 886	74 004	76 855	64 886	74 004	76 855
Transport og lagring	46 901	46 660	50 206	46 901	46 660	50 206
Overnatting og servering	31 520	27 388	35 835	31 520	27 388	35 835
Omsetjing og drift av fast eigedom	188 490	112 938	157 765	180 155	109 548	149 430
Fagleg og finansiell tenesteyting	153 463	103 460	124 579	153 463	99 034	124 579
Forretningsmessig tenesteveytning	21 887	31 308	25 721	21 887	31 308	25 721
Anna tenesteyting	333 737	340 074	342 106	333 737	340 074	342 106
Sum næringskundar	1 244 601	1 177 011	1 219 659	1 236 266	1 169 195	1 211 324
Personkundar	4 385 652	4 141 738	4 172 633	4 385 652	4 141 738	4 172 633
Sum innskot frå kundar	5 630 253	5 318 749	5 392 292	5 621 918	5 310 933	5 383 957

Note 5. Kredittsvekka engasjement

Banken deler kredittsvekka engasjement inn i følgende tre grupper:

Mislegheldne engasjement over 90 dager: Engasjement der betaling har vore misleghalden i 90 dager eller meir.

Andre tapsutsette engasjement: Engasjement der det er innvilga vesentleg betalingslette, samt andre engasjement der banken har gjort individuell nedskriving for tap.

Engasjement med betalingslette elles: Engasjement med betalingslette som ikkje er omfatta av dei to kategoriane ovanfor.

	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Mislegheldne engasjement over 90 dagar (trinn 3)						
Brutto misleghaldne engasjement - personmarknad	1 425	4 722	771	1 425	4 722	771
Brutto misleghaldne engasjement - bedriftsmarknad	1 546	1 524	1 534	1 546	1 524	1 534
-Nedskrivingar i steg 3	575	1 710	508	575	1 710	508
Netto misleghaldne engasjement	2 396	4 536	1 796	2 396	4 536	1 797
Andre tapsutsette engasjement	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement - privat	57 015	22 846	40 182	57 015	22 846	40 182
Brutto tapsutsette, ikkje misleghaldne engasjement - bedrifter	44 883	53 246	50 487	44 883	53 246	50 487
-Nedskrivingar i steg 3	31 113	25 518	26 759	31 113	25 518	26 759
Netto tapsutsette engasjement	70 785	50 574	63 910	70 785	50 574	63 910
Lån med betalingslette elles	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Personmarknad	10 156	48 204	26 021	10 156	48 204	26 021
Bedriftsmarknad	5 177	2 259	9 042	5 177	2 259	9 042
SUM lån med betalingslette elles	15 333	50 463	35 063	15 333	50 463	35 063

Note 6. Nedskrivning på utlån, garantiar, unyttta kredittar og lånetilsagn

PM -Endring i tapsavsetjingar balanseførde lån

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	3 395	1 263	6 153	10 811
Overført til trinn 1	732	-358	-374	0
Overført til trinn 2	-58	68	-10	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-1 033	-201	1 234	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-902	505	1 845	1 448
Nye tap	626	0	1 202	1 828
Frårekna tap	-254	-62	-5	-321
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	-931	0	0	-931
Utgående balanse	1 575	1 215	10 045	12 835

PM - Volumendring balanseførde lån

Endringar i avsetjingar og nedskrivningar, tap på kreditt	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	3 885 961	177 022	34 910	4 097 893
Overført til trinn 1	80 048	-77 688	-2 360	0
Overført til trinn 2	-61 469	65 170	-3 701	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-8 315	-10 290	18 605	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-41 639	1 996	-280	-39 923
Tapsvurdering, nye lån	726 243	0	7 522	733 765
Tapsvurdering, avgang lån	-409 626	-15 632	-7 275	-432 533
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	-339	0	0	-339
Utgående balanse	4 170 864	140 578	47 421	4 358 863

PM - Endring utanom balansen

Endringar i avsetjingar og nedskrivningar, tap på kreditt	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	26	0	0	26
Overført til trinn 1	0	0	0	0
Overført til trinn 2	0	0	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	0	0	0
Netto endring innanfor kvart trinn	9	1	0	10
Tapsvurdering, nye lån	2	0	0	2
Tapsvurdering, avgang lån	-1	0	0	-1
Konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringar	0	0	0	0
Utgående balanse	36	1	0	37

BM - Endring i tapsavsetjinger balanseførde lån

Endringer i avsetjinger og nedskrivninger, tap på kreditt	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	5 636	2 992	20 417	29 045
Overført til trinn 1	390	-390	0	0
Overført til trinn 2	-312	312	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-1 627	0	1 626	-1
Netto endring innanfor kvart trinn	1 430	425	-564	1 291
Nye tap	1 372	157	0	1 529
Frårekna tap	-700	-619	0	-1 319
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringer	0	0	272	272
Utgående balanse	6 189	2 877	21 751	30 817

BM - Volumendring balanseførde lån

Endringer i avsetjinger og nedskrivninger, tap på kreditt	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	1 282 463	150 711	39 037	1 472 211
Overført til trinn 1	31 108	-31 108	0	0
Overført til trinn 2	-79 435	79 435	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-11 990	0	11 991	1
Netto endring innanfor kvart trinn	-22 879	-20 609	-666	-44 154
Tapsvurdering, nye lån	227 496	6 069	0	233 565
Tapsvurdering, avgang lån	-157 137	-22 244	0	-179 381
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringer	0	0	4 740	4 740
Utgående balanse	1 269 626	162 254	55 102	1 486 982

BM - Endring utanom balansen

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kreditttap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	159	131	116	406
Overført til trinn 1	1	-1	0	0
Overført til trinn 2	-3	3	0	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	0	0	0	0
Netto endring innanfor kvart trinn	-38	-36	51	-23
Tapsvurdering, nye lån	19	1	0	20
Tapsvurdering, avgang lån	-20	0	-3	-23
Konstatert tap	0	0	0	0
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringer	0	0	0	0
Utgående balanse	118	98	164	380

Endring resultat

Bevegelser i avsetninger og nedskrivninger, kredittap	Venta tap trinn 1	Venta tap trinn 2	Venta tap trinn 3 / individuelle	SUM trinn 1,2 og 3
Inngående balanse, 01.01	9 216	4 386	26 686	40 288
Overført til trinn 1	1 123	-749	-374	0
Overført til trinn 2	-373	383	-10	0
Overført til trinn 3 / endring individuelle	-2 660	-201	2 860	-1
Netto endring innanfor kvart trinn	499	895	1 332	2 726
Tapsvurdering, nye lån	2 019	158	1 202	3 379
Tapsvurdering, avgang lån	-975	-681	-8	-1 664
Endring i risikomodell/parametere	0	0	0	0
Andre endringer	-931	0	272	-659
Endring i amortisering frå 31.12.	0	0	-32	-32
Utgående balanse	7 918	4 191	31 928	44 037
Konstaterte tap	0	0	87	87
Inngang tidlegare konstaterte tap	0	0	-3	-3
Resultatført tap	-1 298	-195	5 326	3 833

Note 7. Kapitaldekning

Ansvarleg kapital og kapitaldekning (1)	Morbank			Konsern		
	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Sparebanken sitt fond	1 094 495	1 021 436	1 110 495	1 091 102	1 018 678	1 106 697
Gåvefond	28 000	20 000	20 000	28 000	20 000	20 000
Fond for verdijusteringar	168 199	144 344	143 014	168 199	144 344	143 014
Sum bokført eigenkapital	1 290 694	1 185 780	1 273 509	1 287 301	1 183 022	1 269 711
Framlegg til disponering for ålmennytige føremål	0	0	-8 000	0	0	-8 000
Frådrag for ansv. Kap. i andre finansinst.	-67 753	-162 275	-164 308	-67 753	-162 275	-164 308
Verdijustering for krav om forsv. verdifastsetjing	-5 378	-4 621	-4 867	-5 378	-4 621	-4 867
Rein kjernekapital	1 217 563	1 018 884	1 096 334	1 214 170	1 016 126	1 092 536
Fondsobligasjonar	0	0	0	0	0	0
Frådrag i kjernekapital	0	0	0	0	0	0
Kjernekapital	1 217 563	1 018 884	1 096 334	1 214 170	1 016 126	1 092 536
Ansvarleg lånekapital	0	0	0	0	0	0
Frådrag i tilleggskapital	0	0	0	0	0	0
Ansvarleg kapital	1 217 563	1 018 884	1 096 334	1 214 170	1 016 126	1 092 536
Eksponeringskategori (vekta verdi)						
Statar	-	-	-	-	-	-
Lokale/regional styresmakter	47 060	49 795	53 147	47 060	49 795	53 147
Offentleg eigde føretak	0	0	0	0	0	0
Institusjonar	66 342	84 042	70 178	66 342	84 042	70 158
Føretak	116 566	67 534	81 712	116 566	67 534	81 712
Massemarknad	645 803	497 750	581 617	645 803	497 750	581 617
Pant i fast eigedom	1 560 501	1 458 309	1 504 966	1 494 501	1 418 121	1 457 804
Forfalte engasjement	72 355	49 553	57 950	72 355	49 553	57 950
Engasjement med høg risiko	30 000	6 271	30 000	30 000	6 271	30 000
Obligasjonar med fortrinnsrett	24 352	20 630	15 507	24 352	20 630	15 507
Fordr. på institusjonar/føretak med korts. rating	0	0	0	0	0	0
Lutar verdipapirfond	132 693	50 000	51 898	132 693	50 000	51 898
Eigenkapitalposisjonar	409 750	292 220	296 526	349 441	263 975	270 516
Andre engasjement	42 279	42 630	44 519	104 044	96 102	97 963
CVA-tillegg	0	0	0	0	0	0
Sum utrekningsgrunnlag for kredittrisiko	3 147 701	2 618 734	2 788 020	3 083 157	2 603 773	2 768 272
Utrekningsgrunnlag frå operasjonell risiko	274 298	333 500	333 500	274 298	333 500	333 500
Frådrag for ansv. Kap. i andre finansinst.	-67 753	-162 275	-164 308	-67 753	-162 275	-164 308
Utrekningsgrunnlag	3 354 246	2 789 959	2 957 212	3 289 702	2 774 998	2 937 464
Rein kjernekapitaldekning %	36,30 %	36,52 %	37,07 %	36,91 %	36,62 %	37,19 %
Kjernekapitaldekning %	36,30 %	36,52 %	37,07 %	36,91 %	36,62 %	37,19 %
Kapitaldekning %	36,30 %	36,52 %	37,07 %	36,91 %	36,62 %	37,19 %
Uvekta kjernekapitaldekning %	16,62 %	15,01 %	15,75 %	16,67 %	15,04 %	15,78 %
Konsolidering av samarbeidande grupper (2)						
Ansvarleg kapital	1 363 409	1 144 687	1 240 669	1 360 016	1 147 445	1 237 984
Kjernekapital	1 348 148	1 130 167	1 226 151	1 344 755	1 132 925	1 223 466
Rein kjernekapital	1 336 146	1 117 860	1 224 844	1 332 753	1 120 618	1 222 159
Utrekningsgrunnlag	3 998 286	3 349 478	3 571 046	3 933 742	3 364 439	3 551 298
Kapitaldekning %	34,10 %	34,01 %	34,70 %	34,57 %	34,11 %	34,86 %
Kjernekapitaldekning %	33,72 %	33,57 %	34,29 %	34,19 %	33,67 %	34,45 %
Rein kjernekapitaldekning %	33,42 %	33,21 %	34,25 %	33,88 %	33,31 %	34,41 %
Uvektet kjernekapitalandel i %	15,92 %	14,56 %	15,29 %	15,97 %	14,59 %	15,32 %

1) Frå og med 30. juni 2025 er kapitaldekninga rapportert i samsvar med regelverket i CRR3. Tal for tidlegare periodar er baserte på regelverket i CRR2. Banken nyttar standardmetoden for kredittrisiko og har heller ikkje tidlegare nytta interne modellar. Banken er likevel påverka av fleire endringar i CRR3, mellom anna justert

risikovekting av bustadlån og SMB-eksponeringar, nye krav til utrekning av operasjonell risiko samt endringar knytte til einstilte motpartar. Endringar i kapitaldekninga frå tidlegare periodar må difor tolkast i lys av desse regelverksendringane. Banken vurderer kapitaldekninga per 31.06.2026 som god og godt over gjeldande kapitalkrav.

2) Samarbeidande grupper er i dette høvet:

- Verd Boligkreditt - banken eig 1,01 % av selskapet
- Brage Finans AS - banken eig 2,17 % av selskapet

Banken har fram til og med 4. kvartal 2025 praktisert å trekkje frå eigardelar i selskap som blir konsoliderte, frå rein kjernekapital i morbanken. Frå og med 1. kvartal 2026 er dette prinsippet endra, slik at banken nyttar unntaksregelen i CRR artikkel 49 nr. 2, der slike eigardelar ikkje blir trekte frå kapitalgrunnlaget. Endringa har medført ein auke i rapportert kapitaldekning. Tilsvarande frådrag har heller ikkje tidlegare vore gjort i konsernrekneskapen, noko som forklarar at effekten av endringa er den same for både morbank og konsern.

Note 8. Verdsetjingshierarki finansielle instrument til verkeleg verdi

Tal for konsernet per 31.12.2025 og 30.06.2026.

Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum totalt
Utlån til kundar til verkeleg verdi over utvida resultat			4 023 557	4 023 557
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultat		507 898		507 898
Rentefond til verkeleg verdi over resultat		71 978		71 978
Aksjer til verkeleg verdi over resultat	3 019			3 019
Aksjer til verkeleg verdi over utvidet resultat	89 708		170 942	260 650
Sum 31.12.2025	92 727	579 876	4 194 499	4 867 102
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi	NIVÅ 1	NIVÅ 2	NIVÅ 3	Sum totalt
Utlån til kundar til verkeleg verdi over utvida resultat			4 272 102	4 272 102
Obligasjonar til verkeleg verdi over resultat		688 407		688 407
Rentefond til verkeleg verdi over resultat		132 850		132 850
Aksjer til verkeleg verdi over resultat	0			0
Aksjer til verkeleg verdi over utvidet resultat	107 028		178 555	285 583
Sum 30.06.2026	107 028	821 257	4 450 657	5 378 942
Avstemming av nivå 3	Utlån til kundar	Aksjar	Sum nivå 3	
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi 31.12.2025	4 023 557	170 942	4 194 499	
Realisert vinst/tap	0	-1 848	-1 848	
Urealisert vinst/tap ført mot resultat	-4 771	0	-4 771	
Urealisert vinst/tap ført mot utvidet resultat	930	9 755	10 685	
Kjøp verdipapir / nye lån	205 712	7 526	213 238	
Sal verdipapir / tilbakekjøp lån	46 674	-7 820	38 854	
Finansielle instrument verdsett til verkeleg verdi 30.06.2026	4 272 102	178 555	4 450 657	

Verkeleg verdi av finansielle instrument vert klassifisert i tre nivå basert på kva type input som er nytta i verdsetjinga:

Nivå 1 - Finansielle instrument som vert verdsette ved bruk av noterte prisar i aktive marknader for identiske eignelutar eller skyldnader.

I denne kategorien inngår mellom anna børsnoterte aksjar, sertifikat og statsobligasjonar som vert omsette i aktive marknader.

Nivå 2 - Finansielle instrument som vert verdsette ved bruk av observerbar marknadsinformasjon, direkte eller indirekte, som ikkje er noterte prisar i aktive marknader. Dette omfattar mellom anna noterte prisar i ikkje-aktive marknader for identiske eller tilsvarende eignelutar og skyldnader.

I denne kategorien inngår sertifikat og obligasjonar som vert omsette i ikkje-aktive marknader. Verdsetjinga i nivå 2 baserer seg i hovudsak på observerbare data som rentekurver, valutakursar og kredittmarginar knytte til dei aktuelle instrumenta.

Nivå 3 - Finansielle instrument som ikkje kan verdsetjast basert på observerbare marknadsdata.

I denne kategorien inngår aksjar som ikkje vert omsette i aktive marknader, samt utlån til kundar som er klassifiserte i IFRS 9-kategorien «verkeleg verdi over utvida resultat».

Verdsetjinga i nivå 3 byggjer på vurderingar av underliggjande eignelutar og gjeld i selskapet, forventa kontantstraumar og andre verdsetjingsmodellar der det vert nytta input som i liten grad er observerbar eller eksternt verifiserbar.

Utlån klassifiserte til «verkeleg verdi over utvida resultat» vert vurderte til amortisert kost. Nedskriving i steg 1 i IFRS 9-modellen er modellbasert og vurdert til ikkje å påverke verkeleg verdi ved eit eventuelt sal. Verkeleg verdi av desse utlåna er difor vurdert lik amortisert kost utan nedskriving i steg 1.

Banken sine verdsetjingsmetodar er utforma for å maksimere bruken av observerbare marknadsdata der dette er tilgjengeleg, og byggjer i minst mogeleg grad på banken sine eigne skjønnsmessige vurderingar.

Note 9. Verdipapirgjeld

Sertifikat- og obligasjonslån	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi 30.06.2026	Bokført verdi 30.06.2025	Rentevilkår
NO0011117210	07.10.2021	07.10.2025	150 000	0	100 000	3 mnd. NIBOR + 0,47 %
NO0013116384	11.01.2024	11.01.2027	100 000	100 000	100 000	3 mnd. NIBOR + 0,86 %
NO0013460733	17.01.2025	17.11.2027	150 000	100 000	100 000	3 mnd. NIBOR + 0,66 %
NO0013638544	28.08.2025	28.08.2028	150 000	100 000	0	3 mnd. NIBOR + 0,54 %
Periodiserte renter på verdipapirgjeld				2 177	2 064	
Sum gjeld ved utferding av verdipapir				302 177	302 064	
Endringar i verdipapirgjeld hittil i år		Nye lån	Innfriingar	Andre endringar	Endring balanse hittil i år	
Sertifikatgjeld		-	-	-	-	
Obligasjongjeld		-	-	113	113	
Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir		-	-	113	113	

Note 10. IFRS leigeavtalar

I samband med inngåing av ny tiårig leigeavtale mellom Voss Sparebank og Voss Sparebank Eigedom AS er leigeavtalen rekneskapsført i samsvar med IFRS 16.

Ved implementering av leigeavtalen vart det balanseført ein bruksrettseigedel på kr 30,6 mill., tilsvarande noverdien av leigeavtalen. Samstundes vart det balanseført ei leigeforplikting på kr 30,6 mill.

Balanseføringa av bruksrettseigedelen har òg påverka banken si kapitaldekning. Som følgje av implementeringa vart kapitaldekninga redusert med 31 basispunkt.

Ved utrekning av noverdien er det nytta ein diskonteringsrente på 4,0 %. Banken har berre éin leigeavtale, og årleg leigesum utgjer kr 4 284 000.

Leigeskuldnadar	30.06.2026
Inngåande balanse	19 357
Husleigebetaling	-2 142
Kapitalisert rente	376
Utgåande balanse	17 591
Balanseført bruksrett	30.06.2026
Inngåande balanse	17 711
Avskrivningar	-1 771
Utgåande balanse	15 940
Resultatpostar	30.06.2026
Avskrivning bruksrett	-1 771
Rentekostnad leieforpliktingar	376
Sum rente- og avskrivingskostnadar bankbygg	-1 395